

Trond Ekornerud

KOSTRA Tannhelsetenesta
Arbeidsgrupperapport 2021

Innhald

Innhald	2
Tannhelsetenesta	3
1 Innleiing	3
2 Oppsummering og anbefaling	3
2.1 Oppsummering	3
3 Vidareutvikling av publiseringa	4
3.1 Endring av variablar	4
3.2 Ytterligere om vidareutvikling av publiseringa	5
4 Ønska endringar i kontoplanen (funksjon og art)	6
4.1 Forslag til endring	6
4.2 Bakgrunn for ønska endring	6
5 Ønska endringar i skjema/filuttrekk	6
5.1 Forslag til endring	6
5.2 Bakgrunn for ønska endring	7
5.3 Administrative register	7
6 Evaluering av siste rapportering	7
6.1 Utarbeiding av skjema	7
6.2 Kontrollar i skjema	8
6.3 Innsamling av data (rapportering)	8
6.4 Bearbeiding/revisjon og kontroll	8
6.5 Publisering	8
6.6 Brukarreaksjonar	10
7 Anna	10
7.1 Innføring av tannhelsesdata i KPR	10
7.2 Utviding av arbeidsgruppa	10
8 Referansar	11
9 Vedlegg	11

Tannhelsetenesta

1 Innleiing

Arbeidsgruppa skal følgja utviklinga på tannhelseområdet for å sikra god kvalitet på statistikk og nøkkeltal. Gruppa skal vurdere og gi forslag til endringar i omfanget og innrettinga av rapporteringa, og gi forslag til kva nøkkeltal og grunnlagsdata som skal publiserast. Samtidig skal gruppa sørgja for ein hensiktsmessig og effektiv dataflyt frå fylkeskommunane til staten, og sikra at rapporteringsomfanget ikkje blir for stort.

Arbeidsgruppa dekker KOSTRA-funksjonane:

- 660 Tannhelseteneste - Fellesfunksjonar
- 665 Tannhelseteneste - Pasientbehandling

Skjema 43 Tannhelsetenesta dekker tenesterapporteringa for KOSTRA-funksjonane. I tillegg nyttar ein SSB sine register for å henta inn tal for årsverk og befolkning. Det totale talet på eldre, uføre og langtidssjuka i institusjonspleie og det totale talet på eldre, uføre og langtidssjuka i heimesjukepleie blir henta frå KPR-IPLOS. I tillegg bruker ein KUHR (Kontroll og utbetaling av helserefusjonar) til å publisera tal over personar som mottok tannhelserefusjonar.

Arbeidsgruppas medlemmar 2021:

Organisasjon	Medlem	Vara
Helse- og omsorgsdepartementet (HOD)	Cecilie Mo Batalden	
Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD)	Helga Aanderaa	
Helsedirektoratet (Hdir)	Hildur Cecilie Sjøhoelkjersti Stenhagen	
Helsedirektoratet (Hdir)	Maja Kristiansen	Linda Haugan
Folkehelseinstituttet (FHI)	Marie Helen Hagle	Heidi Lyshol
Den norske tannlegeforening	Kirsten Ahlsen	
Viken fylkeskommune	Marianne Moi	
Vestfold og Telemark fylkeskommune	Anne Fykerud Dahl	
Rogaland fylkeskommune	Steinar Løgith Aase	
Statistisk sentralbyrå (SSB)	Trond Ekornrud	Linda Allertsen

Arbeidsgruppa har hatt møte våren 2021 på Teams, den 14.06.2021. Referatet frå dette møtet er vedlagt.

2 Oppsummering og anbefaling

2.1 Oppsummering

I år blei det ikkje publisert nye tabellar i statistikken. Samtidig blei talet på undersøkte og delen undersøkte i løpet av dei to siste åra for 12- og 18-åringar, samt Gruppe B utviklingshemma, publisert i allereie eksisterande tabellar for 2020-årgangen. Dette var ei ny rapportering i skjema for 2020 som erstatta den tidlegare rapporteringa på talet på undersøkte i løpet av dei tre siste åra.

Arbeidsgruppa fremjar ingen ønskjer om endringar i kontoplan eller i KOSTRA-skjema 43 forutan det som allereie blei vedteke i fjor som ny rapportering for 2021-årgangen. Dette gjeld følgjande i skjema 43:

- *BSI-indeks på gruppe C1 og C2*
- *Talet på tilviste 2-åringar frå helsestasjon*
- *Bruk av fluorlakk på risikoflater for 5-, 12-, 15- og 18-åringar*

Arbeidsgruppa anbefaler elles å publisera tal for det som var nytt i rapporteringa for skjema 43 for 2020-årgangen ved marspubliseringa i 2022. Dette gjeld følgjande:

- Initialkaries for 5-, 12-, 15- og 18-åringar
- DMFT for gruppe B og C2 og fengselsinnsette
- Fissurforsøgling – permanente molarar

Arbeidsgruppa vil i løpet av hausten bli einige om korleis dette skal presenterast i statistikken.

Arbeidsgruppa anbefaler samtidig å publisera tal for tannlegespesialistar fordelt på dei same spesialistutdanningane som allereie blir gjort for tannlegespesialistar i privat sektor. Dette er tal som er tilgjengeleg i SSBs registerbaserte sysselsetjingsstatistikk, og vil difor ikkje føra til ny rapportering.

Arbeidsgruppa anbefaler elles at SSB undersøker og vurderer om fylkeskommunane er i stand å rapportera tal på Gruppe B utviklingshemma slik at det er i tråd med tannhelsetenestelova. Dersom dette er mogleg for fylkeskommunane, vil det koma ei presisering når det gjeld gruppe B i skjemarettleiar for 2021-årgangen.

Arbeidsgruppa anbefaler elles at arbeidsgruppa blir utvida med fleire tannlegesjefar/fylkeskommunar, fortrinnsvis frå Nord-Noreg, f.o.m. neste år. For meir, sjå kapittel 7.2.

3 Vidareutvikling av publiseringa

3.1 Endring av variablar

Det endring av variablar fører til av endring i tabeller og tabellstruktur, beskrives også her. Endringer som allerede er utført, beskrives i avsnittene under 6 Evaluering av siste rapportering.

3.1.1 Fjerning av eksisterande variablar

Arbeidsgruppa har ingen forslag til fjerning av eksisterande variablar

3.1.2 Nye variablar

Arbeidsgruppa har vedteke å publisera nye variablar og indikatorar ved den foreløpige publiseringa i 2022 for følgjande:

Initialkaries for 5-, 12-, 15- og 18-åringar

Arbeidsgruppa vedtek å publisera oppdatert tabell for tannhelsestilstand som også inkluderer initialkaries for dei ulike aldersgruppene ved den foreløpige

publiseringa i mars 2022. SSB følger opp og held arbeidsgruppa orientert i god tid før publisering.

DMFT for gruppe B og C2 og fengselsinnsette

Arbeidsgruppa vedtek å publisera nye variablar og indikatorar knytt til DMFT for gruppe B og C2 og fengselsinnsette ved den foreløpige publiseringa i mars 2022. SSB følger opp og held arbeidsgruppa orientert i god tid før publisering.

Fissurforsøgling – permanente molarar

Arbeidsgruppa vedtek å publisera nye variablar og indikatorar knytt til fissurforsøgling ved den foreløpige publiseringa i mars 2022. SSB følger opp og held arbeidsgruppa orientert.

Tannlegespesialistar i offentlig sektor, fordelt etter spesialitet

Arbeidsgruppa vedtek å publisera årsverk for tannlegespesialistar i offentlig sektor fordelt etter spesialitet. Inndelinga vil vera den same som allereie blir publisert for tannlegespesialistar i privat sektor (<https://www.ssb.no/statbank/table/11774/>). SSB følger opp og held arbeidsgruppa orientert i god tid før publisering.

I tillegg ønskjer arbeidsgruppa å publisera variablar, som vil vera nye for 2021-rapporteringa, ved den foreløpige publiseringa i mars 2022. Dette føreset at kvaliteten er tilfredsstillande og gjeld for følgjande variablar/indikatorar:

- *BSI-indeks på gruppe C1 og C2*
- *Talet på tilviste 2-åringar frå helsestasjon*
- *Bruk av fluorlakk på risikoflater for 5-, 12-, 15- og 18-åringar*

For alle dei føreslåtte nye publiseringane f.o.m. 2022, vil sjølve utforminga for korleis dette skal presenterast i statistikken bli utarbeida i løpet av hausten 2021. SSB har hovudansvaret for dette, og vil forhøyra seg med resten av arbeidsgruppa under denne prosessen.

3.1.3 Endring av innhald i allereie eksisterande variablar

Arbeidsgruppa har ingen konkrete forslag til endring av innhald i allereie eksisterande variablar.

3.2 Ytterligere om vidareutvikling av publiseringa

Arbeidsgruppa har ingen konkrete forslag til nye tabellar i publiseringa i 2022. Det kan samtidig bli aktuelt at enkelte eller delar av dei nye variablane/indikatorane vil bli publisert i nye tabellar dersom det ikkje let seg gjera å publisera dei i allereie eksisterande tabellar. Arbeidsgruppa vil i utgangspunktet arbeida for å plassera dei nye variablane inn i dei allereie eksisterande tabellane der dei tematisk høyrer heime.

3.2.1 Organiseringen av kommunal tjenesteproduksjon

4 Ønska endringar i kontoplanen (funksjon og art)

4.1 Forslag til endring

Arbeidsgruppa har ingen forslag til endring i kontoplanen.

4.2 Bakgrunn for ønska endring

Ikkje relevant.

5 Ønska endringar i skjema/filuttrekk

Arbeidsgruppa har ingen forslag til nye endringar i skjema/filuttrekk for 2021-rapporteringa utanom det som allereie blei vedteke i fjor. Dette er omtala utførleg i dei to førre samordningsrapportane frå arbeidsgruppa, og gjeld følgjande variablar:

- *BSI-indeks på gruppe C1 og C2*
- *Talet på tilviste 2-åringar frå helsestasjon*
- *Bruk av fluorlakk på risikoflater for 5-, 12-, 15- og 18-åringar*

Arbeidsgruppa ønskjer samtidig å justera definisjonen av gruppe B utviklingshemma i skjemarettleiaren slik at den er meir i tråd tannhelsetenestelova. Dette føreset at fylkestannlegane/fylkeskommunane er i stand til å skilja ut personar i gruppe B som bur på institusjon. Arbeidsgruppa kjem til å følgja opp dette i løpet hausten i god tid før klargjering av nytt skjema og skjemarettleiaren.

5.1 Forslag til endring

Arbeidsgruppa har ingen nye forslag til endringar i rapporteringa bortsett frå ein mogleg justering i definisjonen av gruppe B utviklingshemma over 18 år i skjemarettleiaren. Den inneber at gruppe B skal trekkjast ut frå tala i gruppe C1 og C2.

I dagens definisjon i KOSTRA-rettleiaren står det følgjande:

Gruppe B: Alle personar over 18 år med psykisk utviklingshemming som ikkje bur på institusjon eller mottek heimesjukepleie skal inkluderast. **Personar med psykisk utviklingshemming som bur på institusjon eller mottek heimesjukepleie skal førast under høvesvis gruppe C1 og C2.**

I tannhelsetenestelova står det følgjande:

§ 1-3.(Omfanget av Den offentlige tannhelsetjenesten): Den offentlige tannhelsetenesta skal organisera førebyggjande tiltak for heile befolkninga. Den skal gi eit regelmessig og oppsøkjande tilbod til:

- a. Barn og ungdom fra fødsel til og med det året dei fyller 18 år.
- b. **Psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon.**
- c. Grupper av eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie.
- d. Ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingåret.
- e. Andre grupper som fylkeskommunen har vedtatt å prioritera.

Det er blitt vurdert vanskeleg å skilja ut personer med utviklingshemming frå resten av personane i gruppene C1 og C2. Dette er årsaka til forskjellen mellom skjemarettleiaren til SSB og tannhelsetenestelova sin definisjon av gruppe B fram til nå.

Arbeidsgruppa kjem til å følgja opp dette i løpet hausten i god tid før klargjering av nytt skjema og skjemarettleiar. Dersom det viser seg at ikkje alle er i stand til å henta ut tal i tråd med lova, så vil rapporteringa vera uendra. Dersom dei er i stand til å rapportera i tråd med lova, så ønskjer arbeidsgruppa at dette skal endrast i definisjonen i skjemarettleiaren f.o.m. 2021-rapporteringa.

5.2 Bakgrunn for ønska endring

Det er ønskjeleg å gi eit meir korrekt og differensiert bilete av kor mange i høvesvis gruppe B, C1 og C2 tannhelsetenesta ivaretek i tråd med tannhelsetenestelova. Ei endring i definisjonen av gruppe B i rapporteringa vil etter arbeidsgruppas oppfatning oppfylle dette. Det føreset, som nemnd i kapittel 5.1 at alle fylkeskommunane er i stand til å gjera denne differensieringa i rapporteringa.

5.3 Administrative register

KOSTRA tannhelsetenesta hentar talet på årsverk og talet på sysselsette frå a-ordninga. Desse blir publisert i egne tabellar i statistikkbanken. I tillegg hentar ein tal om mottakarar av tannhelserefusjonar frå KUHR-registeret, og det totale talet på personar i gruppe C1 og C2 som har krav på tannhelsetenester frå KPR-IPLOS. Arbeidsgruppa har ikkje planlagt å ta i bruk fleire register, eller fremja ønske om endringar i desse eksisterande.

6 Evaluering av siste rapportering

Endringar i innrapporteringsskjema prega datainngangen på KOSTRA Tannhelseområdet også i år i perioden før 15. mars. Utvidinga av skjemaet skapte nokre utfordringar både for rapportørar og fagsystemleverandørar. Trass i dette, og takka vera godt samarbeid med alle involverte partar, publiserte SSB foreløpige tal for den offentlege tannhelsetenesta si verksemd i 2020, for alle fylkeskommunar, 15. mars 2021.

I perioden mellom 15.mars og 15.juni blei det gjort kvalitetskontrollar og fylkeskommunar med avvikande tal frå tidlegare år, kontakta og tala blei retta opp til den endelege publiseringa.

Tala for 2020-årgangen ber preg av korona-pandemien. Talet på undersøkte/behandla har gått ned i alle prioriterte grupper samanlikna med i 2019 og etterslepet har følgjeleg auka.

6.1 Utarbeiding av skjema

Følgjande var nytt i skjema for rapportering på statistikkåret 2020:

- Talet på undersøkte/behandla i løpet av dei to siste åra for 12- og 18-åringar og gruppe B utviklingshemma over 18 år
- Fissurforsøgling -permanente molarar (5-20 år)
- DMFT for gruppe B og C2 og fengselsinnsette

6.2 Kontrollar i skjema


Skjema 43 har nokre logiske kontrollar i skjema. Desse gir oppgåvegivar beskjed om at utfyllinga ikkje er logisk rett. Det er mogleg å sende inn skjemaet sjølv om desse kontrollane har slått ut. Kontrollane ser ut til å fungera tilfredsstillande, og det er ikkje rapportert om problem knytt til kontrollane frå oppgåvegivarane si side.

6.3 Innsamling av data (rapportering)

Skjema 43 blir rapportert inn av fylkestannlegane i dei enkelte fylka. Fylkestannlegane hentar på si side informasjon fra dei enkelte tannklinikkane i fylka.

Statistikk over innsendinger av skjema (Figur 1.) viser at datainngangen var omtrent som i fjor. Samtidig var det utfordrande å få inn tal frå Troms og Finnmark fylkeskommune tidnok til den foreløpige publiseringa. Dei rapporterte ikkje inn til fristen i februar. Dette var ei utfordring for fleire KOSTRA-skjema for denne fylkeskommunen i år. Med litt oppfølging lukkast det SSB å få inn skjema frå dei til den foreløpige publiseringa 15.mars.

Figur 1. Statistikk over datainngang, KOSTRA-skjema 43



Det er fleire fylkeskommunar som melde frå om at dei ikkje var i stand til å rapportera på nokre av dei nye variablane i 2020-årgangen sjølv om dette var tilrettelagt for i journalsystema. SSB følgjer dette opp med journalsystemleverandørane og fylkestannlegane i framkant av rapporteringa av 2021-årgangen for å sikra at dette er på plass til dess.

6.4 Bearbeiding/revisjon og kontroll

Før mars-publiseringa blei det ikkje gjennomført editering av dei innrapporterte tala. Etter 15.03 utførte SSB automatiske kontrollar av innrapporterte tal via revisjons- og editeringssystemet. Editeringssystemet gjer det mogleg å køyra kontrollar på alle innrapporterte variablar i skjema. Kontrollane sjekkar samsvar mellom ulike tal og summeringar, og endringar frå tidlegare år.

Som eit resultat blei to fylkeskommunar kontakta og tal blei retta opp i til publiseringa 15.juni.

6.5 Publisering

Det var ingen spesielle problem i samband med sjølve publiseringane 15.mars og 15.juni. Tal for alle fylkeskommunar inngjekk i begge publiseringane.

6.5.1 Tabelloversikt av publiserte tabellar i statistikkbanken

Tannhelseområdet publiserer 10 statistikkbanktabellar. Det er ingen endringer frå i fjor:

11985: Utvalgte nøkkeltall for tannhelsetjenesten

11960: Utgifter i offentlig tannhelsetjeneste, etter funksjon

12073: Årsverk i offentlig og privat tannhelsetjeneste – nøkkeltall

11774: Årsverk i offentlig og privat tannhelsetjeneste, etter personellgruppe og sektor

11961: Pasientbehandling i tannhelsetjenesten, etter pasientgruppe

13033: Tannhelsetilstand og kariesforekomst blant utvalgte aldersgrupper, etter alder

11773: Utadrettet forebyggende arbeid i tannhelsetjenesten, etter personellgruppe

12074: Meldinger til barnevernet og foresatte, samt ventetid for behandlinger med narkose

12900: Mottak av tannhelserefusjon gjennom folketrygden (F) 2016 - 2019

12901: Tannhelserefusjoner etter innslagspunkt 8, etter aldersgruppe

6.5.2 Tabelloversikt over avslutta tabellar

Følgjande tabellar blei avslutta i 2020:

11959: Tannhelsetilstand og kariesforekomst blant utvalgte aldersgrupper, etter alder (F) (avslutta serie) 2015 - 2019

11772: Mottak av tannhelserefusjoner gjennom folketrygden

6.5.3 Endring av variablar

Talet på undersøkte/behandla i løpet av dei to siste åra for 12- og 18-åringar, samt gruppe B utviklingshemma over 18 år blei publisert for 2020-årgangen. Foreløpige 2020-tal for desse tre indikatorane blei publisert for 2020 i følgjande tabellar:

11961: Pasientbehandling i tannhelsetjenesten, etter pasientgruppe (F) 2015 - 2020

13033: Tannhelsetilstand og kariesforekomst blant utvalgte aldersgrupper, etter alder (F) 2015 - 2020

6.5.4 Fjerning av variablar

Ingen variablar blei fjerna frå nokon av tabellane ved publiseringa i år.

6.5.5 Nye variablar

Talet på og delen undersøkte/behandla i løpet av dei to siste åra for 12- og 18-åringar, samt gruppe B utviklingshemma over 18 år blei publisert for 2020-årgangen. Foreløpige 2020-tal for desse tre indikatorane blei publisert for 2020 i følgjande tabellar:

11961: Pasientbehandling i tannhelsetjenesten, etter pasientgruppe (F) 2015 - 2020

13033: Tannhelsetilstand og kariesforekomst blant utvalgte aldersgrupper, etter alder (F) 2015 - 2020

6.5.6 Endring av innhald i eksisterande variablar

Det er ingen endringar ved publiseringa i år. Samtidig er talet på og delen undersøkte/behandla i løpet av dei tre siste åra for 12- og 18-åringar, samt gruppe B utviklingshemma over 18 år ikkje publisert for 2020-årgangen grunna at det ikkje lenger blir rapportert på i skjema. Tala for tidlegare årgangar inngår framleis i tabellane.

6.6 Brukarreaksjonar

SSB har ikkje motteke konkrete tilbakemeldingar på dei publiserte tala eller innhaldet i dei i samband med årets publisering.

7 Anna

7.1 Innføring av tannhelsesdata i KPR

På arbeidsgruppemøtet i vår orienterte Helsedirektoratet om innføring av tannhelsesdata i KPR. Det er grunn til å tru at KPR i framtida vil erstatta KOSTRA-skjema 43 som datakjelde for store delar av KOSTRA-tannhelsestatistikken. Dette gjeld i all hovudsak alle tal som blir henta ut frå journalsystema til fylkestannlegane.

Arbeidsgruppa vil i løpet av hausten 2021 delta på workshopar med Helsedirektoratet for å sikra at den framtidige innrapporteringa i KPR skal kunna gi eit datagrunnlag som vidarefører den allereie eksisterande statistikken på området. Samstundes vil eit individbasert tannhelseregister gi nye moglegheiter for å vidareutvikla tannhelsestatistikken i framtida.

7.2 Utviding av arbeidsgruppa

HOD spelte inn sak i framkant av møtet om representasjonen frå fylkestannlegane i arbeidsgruppa. Dei siste ti åra har det vore representasjon frå Nord-Noreg. I dagens arbeidsgruppe er det tre representantar frå fylkeskommunane, men ingen frå Nord-Noreg.

På bakgrunn av at me nå har lang erfaring med digitale møte, og dels fordi juni-møtet blir gjennomført digitalt, ønskjer HOD å fremja spørsmål om deltakinga i arbeidsgruppa kan utvidast. Kostnadene til auka deltaking treng ikkje auka, dersom fleire deltek digitalt.

HOD meiner det er svært verdifullt at fleire tannhelsesjefar/representantar frå fylkeskommunal tannhelseteneste kan delta. Det er denne tenesta som leverer grunnlagsdata til KOSTRA tannhelse.

SSB har gjort arbeidsgruppa merksam på at det er fylkestannlegane sjølve som oppnemner representantar til arbeidsgruppa. Det stemmer at Nord-Norge lenge har vore representert i arbeidsgruppa, men dette var også i kraft av at personen var leiar for fylkestannlegemøte i same periode. Dagens gruppe har fått inn representasjon frå Vestlandet (Rogaland), som ikkje har vore representert tidlegare. Samstundes er SSB positive til å utvida gruppa med fleire fylkestannlegar i framtida.

Ingen andre i gruppa hadde innvendingar mot at arbeidsgruppa blir utvida. Samanlikna med andre KOSTRA-arbeidsgrupper, er denne arbeidsgruppa relativt lita, målt i talet på medlemmar.

Arbeidsgruppa vedtok at arbeidsgruppa blir utvida med fleire tannlegesjefar/fylkeskommunar, fortrinnsvis frå Nord-Noreg, f.o.m. neste år. Fylkestannlegane som allereie sit i arbeidsgruppa forhøyrer seg om dette neste gong dei samlast.

8 Referansar

9 Vedlegg